

## **Før byen kom – Flora si historie fram til 1860**

**Manuskript til føredrag på historieseminar i Florø 2. november 2012**

### **BILDE 1**

Ja då skal eg få seie litt om boka som vert sleppt i dag, nemleg bind 1 av den nye Florahistoria. Først kort litt om prosjektet. Det er altså ei allmennsøge i to bind, som skal omfatte heile Flora kommune. Og det tilsvarar altså omtrent det gamle Kinn prestegjeld, med nokre mindre endringar som blei gjort i 1964. Då før seks gardar på sørsida av Førdefjorden frå dåverande Bru til Askvoll kommune, mens Flora fekk lagt til seg garden Steindalen frå Vevring, og dei to gardane Breivik og Husefest frå Bremanger.

Flora kommune la bokprosjektet ut på anbud, og Selje Forlag fekk tilslaget på anbudet med meg som historikar og forfattar. Arbeidet begynte i 2009 og eg har skrive meg kronologisk framover til i dag. Boka består av fem delar som tar for seg ulike periodar – nemleg

**BILDE 2:** forhistoria,

**BILDE 3:** mellomalderen,

**BILDE 4:** tidleg nytid (altså 1520 til 1660)

**BILDE 5:** perioden frå 1660 til 1800 og

**BILDE 6:** perioden frå 1800 til 1860. Eg er no i gang med å skrive bind 2, og denne skal etter planen bestå av sju delar om perioden frå 1860 og fram til notida. Dette bindet skal etter planen komme ut i 2016.

Det eg skal seie litt om i dette innlegget er først kort om kva slags metode eg har brukt når eg har arbeidd med dette historieverket, altså kva spørsmål eg har stilt og kva slags problemstillingar eg har vore opptatt av. Ut i frå dette vil eg leggje fram nokre hovedlinjer i utviklinga i Flora si historie, før eg til slutt vil komme inn på grunnlegginga av Florø by. Det er nemleg stortingsvedtaket om bystatus som markerer sluttpunktet for boka og overgangen frå bind 1 til bind 2.

### **BILDE 7**

Altså først om metode. Kva slags spørsmål er det ein stiller når ein skal skrive ei allmennsøge? Kva slags tema og problemstillingar er det ein er opptatt av når ein skal fortelje historia om eit lokalsamfunn? Kva slags innfallsvinkel skal ein velje seg?

For mitt vedkommande så vil eg peike på tre problemstillingar som eg har vore spesielt opptatt av å ta føre meg:

- økonomisk ressursgrunnlag og korleis dette har blitt utnytta
- forholdet mellom menneska i lokalsamfunnet – eventuelle skiljelinjer og konflikhtar
- forholdet mellom ytre og indre styresmakter og lokalsamfunnet

Eg håpar eg skal rekke å komme innom alle desse ulike problemstillingane. For ikkje å bruke altfor lang tid, kjem eg i dette innlegget likevel først og fremst til å konsentrere meg om den første, altså det økonomiske ressursgrunnlaget.

## **BILDE 8**

Det økonomiske ressursgrunnlaget er sjølvsagt heilt avgjerande for den historiske utviklinga i eit samfunn. I vår tid med varestraumar hit og dit over heile jordkula er det lett å gløyme kor lokalt orientert menneska og økonomien har vore i tidlegare tider. Samtidig finn vi eksempel på varer som vart eksportert over lange avstandar også så langt tilbake som i steinalderen. Eit eksempel er øksene frå steinbrotet i Stakalleneset her i Flora, som vi ser bilde frå her.

## **BILDE 9**

Stakalleneset, som blei oppdaga i 1977 av telearbeidaren Svein Brandsøy, la grunnlaget for at Flora blei eitt av to senter for økseproduksjon på Vestlandet. Produksjonen tok til kanskje så tidleg som 8000 år f. Kr. og vara fram til omkring 2500 f. Kr. I løpet av desse fem og eit halvt tusen åra har Asle Bruen Olsen berekna at dei blei teke ut rundt 400 kubikkmeter masse på Stakalleneset, med ein total økseproduksjon på rundt 40 000 stykk. I alt 330 steinøksfunn i Norge har blitt identifisert til å vere laga av diabas frå Stakalleneset. Særleg her i fylket var øksene frå Stakalleneset populære, men dei er funne på heile kyststrekninga frå Jæren i sør til Helgeland i nord. Det er også funne eit par eksemplar i dalføre på Austlandet.

## **BILDE 10**

På strendene på fastlandet og dei næraste øyane omkring Stakalleneset har ein funne store mengder avfall etter økseproduksjonen, blant anna her ved Brandsøysundet der det også er funne spor etter ei rekkje buplassar frå same periode. Økseproduksjonen har eit så stort omfang at eg har våga meg på å kalle steinalderen for den første industrialderen i Flora. Rett nok kan ein innvende at økseproduksjonen gjekk over ein svært lang tidsperiode, og at talet på ferdige økser i snitt per år ikkje var så mange. Stakalleneset må likevel ha bidratt til å gje Floradistriktet status som senter for ein distribusjon av økser som vi elles veit lite om.

## **BILDE 11**

Øksene frå Stakalleneset er eit spesialtilfelle, basert på den særmerkte diabassteinen. Det økonomiske grunnlaget elles i Flora er kjenneteikna av at området ligg på kysten. I eldre steinalder budde dei fleste menneska i Norge nettopp i kystområda, og plassar som Brandsøysundet høyrde til blant favorittbuplassane. Ved slike tronge sund og straumar gav skiftet mellom flo og fjære eit svært næringsrikt miljø for fisk, sjøpattedyr og sjøfugl. Brandsøysundet var dessutan spesielt lagleg i og med at ein hadde tilkomst både nordover til Norddalsfjorden og sørover til Solheimsfjorden og Eikefjorden. Var vêret dårleg med vind og store bølger på den eine sida, var det ofte le på den andre sida. Området var truleg også attraktivt for hjortejakt, sidan hjorten då som no må ha trekt over sundet for å komme utover frå Klavelandet til øyane lenger ute.

Fleire andre stader finn vi tilsvarande gode lokalitetar for steinalderbuplassar i Flora. Ein av dei er Hovdevågen, ein annan Båtevika sør på Florelandet. Her må vi hugse at havet i steinalderen stod fleire meter høgare enn i dag, og at geografien såg annleis ut. Blant anna gjekk det eit sund mellom Florelandet og Brandsøya der Kanalen går i dag.

## **BILDE 12**

Frå yngre steinalder og framover vann jordbruket innpass i Norge og blei stadig viktigare som næring. Flora er ikkje noko storveges jordbruksdistrikt og her har nok jakt og fiske spela ei viktig rolle for menneska mykje lenger fram i tid. Eit vitnemål om dette finn vi i bergkunsten i Ausevika. Dette er eit av dei største og mest spesielle bergkunstfeltet i Norden, med meir enn 350 figurar. Det vanlegaste motivet her, som utgjer kring ein tredel av figurane, er firbeinte dyr som i dei fleste tilfella er lette å sjå skal førestille hjort. Fleire arkeologar tolkar Ausevika først og fremst som å vere eit veidekunstfelt, med lite spor etter jordbrukskultur. Kor gammalt feltet er, stridest dei lærde om, og det er heller ikkje enkelt å seie noko om. Dateringar av arkeologiske funn frå nærområdet peikar mot at feltet kan ha blitt til over eit svært langt tidsrom gjennom yngre steinalder og bronsealderen.

### **BILDE 13**

Steinalderen tok ikkje slutt på grunn av mangel på stein, seiest det. Nye råstoff forandra kvardagen til menneska og endra balansen mellom ulike samfunn. Innføringa av jernet får fram eit anna bilde av Flora enn tidlegare – som eit fattig distrikt. Det finst forbløffande få gjenstandar av jern frå jernalderen i Flora som er bevart i dag. Her ser vi ein av dei få – ein 40 cm lang spydspiss av jern frå Seljeset. Kva kan vere grunnen til denne jernfattigdommen? Dersom dei måtte kjøpe jernet utanfrå, blei det dyrt, og dermed vanlegare å smelte om att det ein hadde. Men vi veit at dei laga sitt eige jern på Brandsøya og i Havikbotn, der det er funne spor etter blesterovnar. Truleg gjorde dei det same andre stader i distriktet. Kan det likevel vere at lokal mangel på jernmalm gjorde at folk i Flora sparte på jernet?

Eit nærblikk på dei geologiske forholda i Flora kan tyde på dette. I alle fall delar av området har ein berggrunn som gjev lite jern. Særleg devonfeltet nord for Norddalsfjorden inneheld bergartar som forvitrar seint og inneheld lite jern, og her er få myrar. Også i dei midtre delane av Flora, inneheld berggrunnen relativt lite jern. Derimot i sør, omkring Høydalsfjorden, finst det lokalt mykje jern i berggrunnen, særleg i strøk med gabbro, basalt og skifer.

Men årsaka til jernfattigdommen ligg nok ikkje berre i lokal mangel på råstoff. Den same berggrunnen som gav lite jern, gav nemleg skrinne kår for jordbruk i Flora. I tider då februk og korndyrking tok til å dominere framfor fangst og fiske, flytta det økonomiske tyngdepunktet seg til strøk med betre forhold for jorddyrking. Kysten av Sogn og Fjordane ser ut til å hatt få storbønder og mektige jordeigarar i førhistorisk tid som la etter seg store gravminne med jernting i.

### **BILDE 14**

Vi skal no hoppe fram til mellomalderen, men vi skal fremdeles ikkje heilt gje slepp på temaet stein. Her ser vi Kinnakyrkja, den eldste i Sunnfjord og den einaste gjenværande steinkyrkja i fogderiet. Alderen på kyrkja er drøfta av mange forskarar. Tidlegare har fleire hevda at ho kunne vere bygd så tidleg som på 1000-talet, mens dateringar i seinare tid har halla til 1100-talet. I 1994 vart det gjort ei C-14-datering av ei prøve frå ein innemura bjelke i austgavlen i koret. Dateringa viste at alderen på stokken må liggje innanfor perioden mellom 1090 og 1150.

Opphavet til Kinnakyrkja ligg innehylla eit slør av legende og mystikk knytta til segna om Sankta Sunniva. Eg skal ikkje gå så mykje inn på dette, berre kommentere at teoriane om at det kan ha budd eremittmunkar frå dei britiske øyane på Kinn, absolutt kan ha noko føre seg. Det spørsmålet som eg synest er vel så interessant, er likevel kor

rikdommen til å byggje ei steinkyrkje kom frå. Når vi tenkjer på at all byggjesteinen laut førast til øya i båt, og at det måtte skaffast fagfolk med kompetanse på kyrkjebygging til staden, er det klart at dette blei eit kostbart anlegg.

Den nye kyrkjemakta må sjølvstendig ha vore involvert. Ho grunna mykje av velstanden sin på *tienda*, ein skatt som truleg blei innført tidleg 1100-talet, kort tid før Kinnakyrkja blei bygd. Men ei nyrik kyrkjemakt gjev truleg ikkje svaret åleine. Kinn ligg sentralt til i eit område som har hatt eit særleg rikt fiske i mange hundreår, og nettopp i høgmellomalderen vart fisk og fiskeprodukt ei stor eksportvare frå Norge til utlandet. Dette galdt både tørrfisk, sild og tran. Kanskje har 1100-talet vore ein særleg fiskerik periode i ytre Sunnfjord, noko som har gjeve grunnlag for å byggje ei steinkyrkje til minne om "dei heilage som kviler i Kinn og Selja", som det heiter.

Når ein skriv lokalhistorie, er det spesielt eit problem ein lyt ta stilling til svært ofte – kor mykje skal ein ta med av generell norsk historie, eventuelt av europeisk og verdenshistorie, for å forklare utviklinga i lokalsamfunnet? Det er jo sjølvstendig slik at historia om lokalsamfunnet ofte er ei "norgeshistorie i miniatyr", anten ein likar det eller ikkje.

I slike tilfelle tenkjer eg det ofte er eit spørsmål om å dra dei store linjene ned i lokalhistoria, slik at lesarane skjønner at Flora ikkje står utanfor verda. Allmennsogene er ikkje skrivne for spesialistar, men for den interesserte ålmenta, og då kan vi ikkje forvente at lesaren skal dra alle slike linjer sjølv. For eksempel tykkjer eg det er greitt, når ein skriv om dansketida, at lesaren får ei kort innføring i dei ymse krigane Danmark-Norge var involvert i. Det er jo mange krigar og vanskeleg å halde oversikt, samtidig som dette er hendingar som utvikla seg på bakgrunn av vedtak på toppnivå.

### **BILDE 15**

Samtidig er det viktig at ikkje lokalhistoria blir ein forminska lokal kopi av norges- eller verdshistoria, men at forfattaren får fram dei lokale særtrekka. Eg skal trekke fram eit eksempel på dette. Folketalet i Flora auka kraftig på 1500-talet. Her ser vi først eit kart med busetnaden i 1520.

### **BILDE 16**

Så i 1563

### **BILDE 17**

Og så i 1603.

Denne veksten var ikkje noko særtrekk for Flora. Over heile landet og i heile Europa var dette eit hundreår med oppgang og utvikling. Men veksten kom mykje raskare i Flora enn andre stader.

Utrekningar viser at talet på gardsbruk i Norge i gjennomsnitt auka med 75 prosent mellom 1520 og ca. 1600. I Flora var auken på omkring 300 prosent, og han var altså særleg kraftig i dei indre stroka. Vi har lite kjeldemateriale til å kunne seie noko sikkert om årsakene til dette. Men ein av grunnane kan vere at fjord- og dalstroka nær kysten hadde vore ekstra utsette for fråflytting i krisetidene i seinmellomalderen. Kanskje var det slik at dei som budde på gardar litt opp frå sjøen, men likevel nær kysten, hadde lett for å flytte ut til fiskarstroka.

Ein annan grunn kan vere at området kring Kinn opplevde rike fiskeri på 1500-talet men at det ikkje var attraktivt nok, eller mulig, å busetje seg på dei øyane som låg nærast fiskestadene. På dei ytre øyane Hovden, Kinn, Reksta, Batalden og Askrova var det lite ledig jord. Det var dermed vanskeleg for eventuelle nykommarar å drive kombinasjonsbruk som fiskarbonded, noko som var attraktivt for mange, i og med at dei gode torske- og sildefiskeria gjerne stod på om vinteren.

Ein tredje grunn kan vere at områda omkring Eikefjorden, Norddalsfjorden og Høydalsfjorden hadde mykje skog som var attraktiv på den europeiske tømmermarknaden. Det var såleis råd å skaffe seg inntekter på hogst og kombinere dette med å rydje seg gard, samtidig som ein budde nær attraktive fiskefelt.

### **BILDE 18**

Vi tenkjer vel ofte på det norske bondesamfunnet var eit svært egalitært samfunn. Men så enkelt er det ikkje i tilfellet Flora, i alle fall ikkje om vi skal tru innbetalingane frå tiendepenningskatten i 1520. Denne skatten er spesielt interessant fordi mange av dei seinare skattane på 1500- og 1600-talet var tilnærma flate. No kan ein innvende mot ein formuesskatt at han seier lite om inntekta til skattytaren. Det er likevel grunn til å tru at det var ein viss samanheng mellom formue og inntekt også på 1500-talet.

Tabellen over tiendepenningskatten i Flora viser at dei fleste dei fleste skattebøndene i Flora låg i det nedste sjiktet og skatta mindre enn 7 mark. Så fanst det også eit mellomklassesjikt blant folket i Flora, og det var ikkje så uvanleg å skatte opptil kring 25 mark. Heilt på toppen av samfunnsstigen finn vi nokre få rike bønder som skatta langt over gjennomsnittet på 11,7 mark. Dei fire rikaste eigde åleine nesten halvparten av totalformuen i distriktet. Vi merkar oss at gardbrukaren på Flora (no Florø), var rikaste mannen i heile Kinn prestegjeld, ja i heile Sunnfjord òg. Eit par hundreår seinare blei prestegarden flytta hit og i 1860 kom så bystatusen.

### **BILDE 19**

Eit hint om fordelinga av velstanden kan vi også få av å sjå på eigdomsforholda. Ser vi på kven som eigde jorda i Flora i 1647, ser vi at berre 6 % av bøndene eigde jorda som dei dreiv. I 1723 var dette talet kome heilt ned i 3 %, mens det i 1800 var auka til 23 %. Jorda var stort sett eigd av velstående bønder, borgarar i byane, kyrkjer og kloster eller ho låg under krona. Tidleg på 1700-talet låg nesten halvparten av jorda i Flora under det såkalla Svanegodset, som eg dessverre ikkje får tid til å komme så mykje inn på her.

No har det blitt innvendt mot dette at for mange bønder spela det truleg ikkje noka rolle om dei var leiglendingar eller sjølveigarar. På mange måtar var desse to gruppene likestilte. Dei betalte statsskatten på same vis, og begge hadde dei same pliktene når det galdt militære pålegg og sivile rettar. Lova sette klare grenser for kva jordeigaren kunne krevje i leige for jorda, så faren for å bli utbytta økonomisk som leiglending var liten. Lova sette også klare grenser for i kva tilfelle jordeigaren kunne jage leiglendingen frå jorda. Rett til livstidsfeste var det vanlege.

### **BILDE 20**

Det seier sitt at ein av dei rikaste mennene i Flora på 1700-talet, Kaspar Matiasson Hammarset frå Askrova, var leiglending. Kaspar levde og verka under dei store

vårsildåra midt på 1700-talet og vann seg ein reint eventyrleg formue. Etter han døydde i 1758, etterlet han seg verdiar for heile 1024 riksdalar, mellom anna utstyr av gull for vel 12 dalar, sølvtøy for nesten 90, jordegods for over 200, 28 kyr og 80 sauer. Han hadde knapt gjeld sjølv, men lånte ut pengar både til folk i Flora og i Bergen. Skiftet fortel merkeleg nok ikkje noko om fiskereiskap, derimot hadde Kaspar ei lita jekt. Kan hende var det frakt av sild til Bergen han tente pengane sine på?

### **BILDE 21**

Sildefisket er eit heilt sentralt element i Florahistoria, både på 1800-talet då Florø by blei grunnlagt og før og seinare. Hans Arentz har skrivne mykje om sildefisket i si skildring av Sunnfjord frå slutten av 1700-talet. Arentz, som var sorenskrivar i Sunnfjord i ei årrekke, og såleis må ha kjent forholda her svært godt, deler sunnfjordingane inn i tre folk: *Dalfolket* – som bur i dalstroka lengst inne i landet, *fjordfolket* – som bur langs fjordane, og *havfolket* – som bur på kysten og øyane. Levemåten deira er ulik, skriv Arentz. Havfolket prioriterer å bruke det meste av tida si på fiske, og ikkje utan grunn – dei kan nemleg vinne meir på sjøen på ei veke enn av jordbruket sitt gjennom eit heilt år. Døden er i gryta, sa dei når fisket svikta i følgje Arentz.

### **BILDE 22**

I forhold til tredelinga si av folket i Sunnfjord skriv Arentz at fisket bergar havmannen, underheld fjordmannen og understøttar dalmannen. Fremst av alle fiskeria var *sildefisket*. Om dei andre fiskeria slo feil og det samtidig blei misvekst, så kunne sunnfjordingane likevel hjelpe seg om berre silda kom årvisst i overflod. I gode sildeår kunne folk i Sunnfjord klare seg med ein tredel mindre korn enn elles, skriv Arentz. Eit godt sildefiske kan vi som før nemnt ha hatt allereie på 1100-talet. Men den første godt dokumenterte sildetida stod altså på midt på 1700-talet. Om 1740-talet skriv Arentz:

*Fiskens Overflødigthed blev mod Slutningen saa stor, at selv Sildberget, eller Hovedsamlingen af Silden, skjød sig ind i Vaagerne, og saa at sige fyldede dem, da man med de større Nøder stængede fra Land til Land for den, og derefter med de mindre i Magelighed efterhaanden optog Silden, og dermed fyldede de tilkomne Jægter og Fartøjer. Sildevaagerne ved Dømle og Battallen bør endnu være i ærefuld Erindring hos en Deel af Søndfjords Indbyggere for den Formue, de besidde, og er enten af dem selv eller deres Forældre af disse Fiskevaager optagen.*

### **BILDE 23**

I Sunnfjord blei vårsilda vekke i 1758, lengre sør på Vestlandet litt seinare. I 1808 kom det så på nytt innsig med vårsild i Bergensdistriktet og eg har påvist at det skjedde samtidig i Flora. Kor stort fisket var tidleg på 1800-talet er omdiskutert. Det store gjennombrøtet for sildefisket i Kinn må ein likevel knyte til 1850-talet, då fangstane og deltakinga vart mangedobla. Om dette skuldast større innsigsmengder av sild, er vanskeleg å seie. Sikkert er det at det minkande sildefisket i Søre distrikt førte til ei stor tilstrøyming derifrå til Kinn, og aukande fangstar her. Vi ser av diagrammet at Kinn var eit sentrum for sildefisket her i fylket, med ein relativ stor del av fangstane. Fisket tok seg kraftig opp fram mot 1860, og hadde si stordomstid fram til slutten av 1860-talet, då silda på nytt blei borte. I det beste året, 1859, kom verdien av sildefangstane i fylket opp i mot ein million spesidalar. For å setje det inn i ein samanheng så vart verdiane av dei

samla norske fiskeria på denne tida rekna til fire-fem millionar spesidalar i året. Så det var ikkje noko smånæring det var snakk om.

#### **BILDE 24**

Også talet på deltakarar i fisket syner ein sterk oppgang, ikkje minst fiskarar frå andre fylke. Fleire samtidige kjelder, deriblant Eilert Sundt, peikar på at fiskarar heilt frå Lister og Farsund tok til å reise nord til Kinn, i staden for som tidlegare å delta i Sørafisket ved fiskeværa mellom Stavanger og Bergen. Dei framande fiskarane var betydeleg overlegne i høve til sunnfjordingane – dei hadde betre båtar, sette garn i sjøen på anna vis og dei budde i losjifarty. Men sunnfjordingane lærte seg raskt nye driftsmåtar.

#### **BILDE 25**

Under denne store sildeboomen skjedde det ei stor omforming av tilverkingssystemet for silda. I staden for at folk salta silda sjølve heime eller under open himmel, blei det bygt enorme mengder saltebuer i distriktet der ein tok hand om silda. Eilert Sundt skriv at han fann heile strandstader og småbyar av slike salterihus då han drog rundt i distriktet midt i 1860-åra. Både bygdefolk og byborgarar bygde slike saltebuer, og vi har relativt god oversikt over kvar dei låg og kva kapasitet dei hadde.

#### **BILDE 26**

Her ser vi eit kart som viser saltebuene i 1860 i absolutte tal. Vi ser at dei aller fleste låg heilt ute på dei yste øyane, i nærleiken av der fisket føregjekk. Flest buer var det på Kinn og Reksta, men her var buene forholdsvis små.

#### **BILDE 27**

Dette kartet viser saltebuene sortert etter kapasitet, og då ser vi at Fanøy og området ikring kjem betre ut. Her var buene færre, men større. Vi merkjer oss også at det var svært få saltebuer i Florø, som låg eit stykke unna der fisket føregjekk.

#### **BILDE 28**

Her er eit flyfoto som viser nokre av dei store murane som står att etter sjøhus og saltebuer ved Fanøya.

#### **BILDE 29**

Flora opplevde i denne perioden ikkje berre ei tilstrøyming av fiskarar under sildesesongen, men også stor tilflytting. Vi ser at folketalsveksten var særleg sterk under sildeboomen på 1840- og 50-talet. Veksten i Flora låg langt over veksten på landsbasis. Mens innbyggartalet i Norge voks med 10,2 promille årleg mellom 1801 og 1865, voks innbyggartalet i Flora med 14,3 promille årleg i same tidsrom. Frå 1855 til 1865 låg veksten på heile 23,4 promille per år.

#### **BILDE 30**

Folketalsveksten var kraftigast på øyane som låg nærast fiskeplassane og med Reksta i særklasse. Her voks det fram ei hussamling, Rognaldsvågen, som i 1855 hadde 104 faste innbuarar. På heile Florelandet budde det samstundes berre 88 menneske, så Rognaldsvågen var den klart største hussamlinga i Flora på denne tida. I 1865 hadde folketalet auka til 159, men då hadde den nyskipa Florø by passert og blitt større.

#### **BILDE 31**

Florøværingane kan først og fremst takke denne mannen for at byen deira blei til. Han heiter Hans Jenssen Blom og var sokneprest i Kinn frå 1854 til 1862. Blom var meir politisk enn prest og hadde bakgrunn frå Stavanger. Han kom på Stortinget første gongen i 1847 og markerte seg snart som ein av tidas fremste fiskeripolitikarar. Som son av ein tollinspektør i Søndre distrikt hadde han gode forutsetningar for å forstå korleis fiskerinæringa og handelen med fisk føregjekk. Han hadde også sett spelet om ei bydanning ved Karmsundet på nært hald, der byborgarane i Stavanger og Bergen stritta i mot for å behalde sine gamle privilegium. No gjekk Blom til verket for å skaffe Sogn og Fjordane ein by, slik at distriktet kunne frigjere seg frå banda til Bergen.

### **BILDE 32**

Her ser vi ein kort, skjematisk oversikt over korleis Florø by blei til. Det heile skjedde eigentleg i rekordfart, på same måten som oppbygginga av saltebuene på øyane ytst i Flora. Det mest oppsiktsvekkjande med saksgangen er kanskje at kommunestyret i Kinn, som kommunen då heitte, aldri behandla saka formelt. Kristoffer Svanøe nemner likevel at saka var oppe ein gong, og då var heile kommunestyret i mot unntatt ordføraren, som då sannsynlegvis var Blom. Kanskje var det med vilje at Blom let vere å referere dette nederlaget i møteboka?

I 1858 tok han saka direkte til eit høgare politisk nivå, nemleg fylkestinget. Han hadde då alliert seg med futen i Sunnfjord og Nordfjord, og på vegner av dei to la Blom fram eit forslag om å opprette ein by på kysten, først og fremst med tanke på dei store vårsildfiskeria. I første omgang skulle ein be regjeringa peike ut ein kommisjon som skulle sjå nærare på spørsmålet. Framlegget gjekk gjennom samrøystes den 28. juli. Overraskande nok, får ein seie, sidan fogderistrid var eit kjent omgrep i Sogn og Fjordane også på denne tida.

Kommisjonen blei utpeika eit halvår seinare og Blom og futen var med. Ein annan som skulle vere medlem var Kristoffer Svanøe, som var storbonde på Svanøy. Han skulle komme med eit særsvotum som skilde seg frå komitefleirtalet. Mens fleirtalet i komiteen ønskte by på Florø, ville Svanøe helst leggje byen til Flokeneset. Splittinga i komiteen førte til at stortingskomiteen som skulle behandla spørsmålet, delte seg på midten. Fire mot tre ønskte å utsetje saka.

### **BILDE 33**

Det peikar seg ut to store emne i debatten om grunnlegginga av Florø by. Det første er spørsmålet om frigjeringa frå Bergen. Kommisjonen som regjeringa nedsette med Blom i spissen hadde eit nokså kritisk syn på det gamle handelssystemet mellom Bergen og Sogn og Fjordane.

Ulempene med dette systemet var særleg openberre i samband med vårsildfisket, hevda fleirtalet i kommisjonen. Rett nok hadde det blitt oppretta ei mengd salteri i nærleiken av fiskeplassane dei siste åra, men ein meinte at allmugen i distriktet var treg til å leggje om vanen med å late silda liggje lenge før ho vart salta. Det hadde då vore betre om det fanst ein marknad (by) der fiskarane straks kunne selje silda si. Då ville ein sleppe omlasting i Bergen eller Stavanger og kostnadene med dette og dei fordyrande mellomledda.

Kommisjonsfleirtalet sitt syn fekk ikkje stå uimotsagt, dei fekk motbør frå den bergenske handelsstand både i aviser og under stortingsdebatten. Men det at bergensarane var fornærma, betyr ikkje at dei stemte mot Florø by.



Derimot hadde det andre store debattspørsmålet meir å seie. Skulle Florø vere ein by for jordbruksnæringa eller fiskerinæringa? Her var det to av fylkets eigne på Stortinget, Kristoffer Svanøe frå Svanøy og Erik Martinus Løken, som markerte seg som mest negative.

Svanøe som nemnt skrive eit særvotum om saka og han var langt meir enn fleirtalet oppteken av at den tenkte byen måtte fokusere mot dei indre distrikta og den viktigaste næringa der, nemleg jordbruket. Svanøe var sjølv var ein av fylkets mest framsynte og moderne bønder – truleg den første i fylket med eigentleg landbruksutdanning – og han meinte at byen burde leggjast til Flokeneset. Herifrå tenkte han seg ein kunne byggje vegar innover til Førde og sørover til Askvoll. Byen kunne såleis bli ein marknadsplass for jordbruksvarer frå eit større distrikt, og dette meinte han ville oppmuntre eller tvinge bøndene i området til å skaffe seg betre husdyr, innføre eit betre fjøsstell og starte med hagedyrking.

Svanøe hadde elles fleire innvendingar mot å leggje byen til Florø – staden låg blant anna langt unna både Nordfjord og dei indre distrikta i Sunnfjord, og omlandet var lite eigna til oppdyrking. Han viste vidare til at farvatnet sør for Florø var eit av dei mest ureine og farlege langs heile kysten, og at det ville bli vanskeleg for større farty å krysse mot vinden inn på hamna. Heller ikkje hamna ved Florø var god, hevda han, og han oppsummerte med at det ikkje fanst noko folkekrav om ein by på Florø, utanom blant dei som eigde salteri der eller i nærleiken.

#### **BILDE 34**

Trass i motforestillingane fekk Florø sin bystatus. Det hadde nok mykje å seie at mange tungvektarar uttalte seg positivt i stortingsdebatten, deriblant tidlegare sjef for sildeoppsynet Ketil Motzfeldt, tidlegare statsråd Frederik Stang og naturleg nok Hans Jensen Blom. Stang såg på byen som "et Experiment, som ialdfald ingen Ulykke kan gjøre", som det er referert i Stortingstidende.

Florø låg ikkje heilt folketomt då byen blei grunnlagt i 1860, men mykje folk her var det heller ikkje, kanskje ikkje meir enn rundt 50 menneske innanfor det som blei bygrensene. Her fanst prestegard, eit postopneri og nokre få saltebuer.

Dei fleste byane som blei etablert i Norge, hadde vakse fram "organisk", det vil seie at det allereie fanst ein liten tettstad med bymessig preg på dei stadene som fekk bystatus. Få byar vart grunnlagde der det frå før av fanst lite eller ingenting av busetnad og verksemd. Florø var såleis ein utypisk by, sjølv om det fanst andre eksempel på bysamfunn som vart bygde frå scratch. Til dømes var dei nordnorske byane svært små i byrjinga – Hammerfest, som vart kjøpstad i 1789, hadde i 1801 fremdeles berre 79 innbuarar og Tromsø, som blei kjøpstad i 1794, hadde sju år seinare 85 innbuarar.

#### **BILDE 35**

Eg skal avslutningsvis seie heilt kort om noko som har slått meg spesielt i arbeidet med denne boka. For det første kor sterkt Flora er prega av at det er ein kystkommune, eit kystdistrikt. Jordbruket er av meir marginal interesse samla sett, sjølv om her finst gode gardar innimellom. Folket i Flora er stort sett havfolk, til dels fjordfolk etter Arentz sin definisjon. Og Florø by har begge føtene solid planta i sildefiskeria på 1800-talet. Dei som ønskte ein meir jordbruksorientert by vann ikkje fram.

Då seier eg takk for oppmerksomheita.